



**Notat**

Dato: 02.01.2018  
Arkivsak: 2016/5373-5  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Rassikringsmidlar 2018-2023 – forslag til fordeling av planleggingsrammene

I samband med NTP med tilhøyrande handlingsprogram skal Statens vegvesen leggja fram forslag til fordeling av rassikringsmidlane mellom dei ulike fylkeskommunane for perioden 2018-2023.

I brev av 1.11.2017 skriv Statens vegvesen Region vest:

«Vi ber om at fylkeskommunane utarbeider fylkesvise forslag til prioritering av skredsikringstiltak på fylkesvegnettet innanfor planleggingsramma, i prioritert rekkefølge og med marginalprosjekt innanfor +/- 20 %. For kvart tiltak skal det gjevast ei nærmere skildring av tiltaket, med opplysningar om mellom anna planstatus, aktuelt tidspunkt for anleggsstart og gjennomføring og kostnadsoverslag. I tillegg skal det gjevast i grunngeving for prioriteringane. Fylkeskommunen sin frist for å utarbeide forslag er 20. desember 2017.

Det vert lagt opp til følgjande framdriftsplan for arbeidet:

- Innan 20. desember 2017: Fylkeskommunane sender sitt forslag til fordeling av planleggingsrammene til regionane
- Innan 9. januar 2018: Regionane sender ei vurdering av fylkeskommunane sine forslag og forslag til årleg fordeling av rammene til Vegdirektoratet
- Innan 23. januar 2018: Statens vegvesen sender over eit samla forslag til prioriteringar til Samferdsledepartementet
- Samferdsledepartementet stadfestar tilskotsprogrammet for skredsikringstiltak på fylkesvegnettet

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for prioritiseringsarbeidet:

- Fylkeskommunane er ansvarlege for finansiering av prioriterte prosjekt, inkludert dekning av eventuell kostnadsauke
- Det tilskotet som Statenes vegvesen forvaltar vert gjeve eksklusiv meirverdiavgift.
- Dette inneber at den meirverdiavgiftskompensasjonen som fylkeskommunen får knytt til slike prosjekt, skal nyttast til finansiering av skredsikringstiltak
- Det kan prioriterast midlar til å dekke fylkeskommunale løyvingar til skredsikringsprosjekt som alt er starta opp eller gjennomførde

- *Fylkeskommunane har høve til å gjøre omprioriteringar innanfor tildelte statlege rammer, under føresetnad av at midlane vert nytta til skredsikringstiltak*

*For å sikre at det er mogeleg å gjennomføre dei prosjekta som vert prioriterte, vert det stilt følgjande plankrav:*

- *Det er ein føresetnad for anleggsstart eller gjennomføring i perioden 2018-2023 at det finst godkjend kommunedelplan, dersom ein slik plan er naudsynt*
- *Det skal gjerast ei vurdering av om arbeidet med reguleringsplan er komme så langt at det er realistisk å gjennomføre prosjektet som føresett. Dette er særleg viktig for prosjekt som det vert vurdert som aktuelle å starte opp i første del av seksårsperioden*
- *Kostnadsoversлага for prioriterte prosjekt skal vere gjennomførde etter ANSLAGmetoden.»*

Vedlagt følgjer Hordaland fylkeskommune sitt svar til regionvegkontoret, med vedlegg 1 tabell over prioriterte prosjekt.